



Valle kommune  
Gjestfri for nye tankar

# RETNINGSLINER FOR KOMMUNALT NÆRINGSFOND VALLE KOMMUNE

Vedteke av kommunestyret 31.03.2023 i sak 13/2023.  
Gjeldande frå 01.04.2023



## 1. Næringsfondet og føremål

Kommunestyret avgjer storleiken på ramme for næringstiltak i årlege budsjettvedtak. 10% av summen skal gå til midlar næringsansvarleg disponerer administrativt.

Føremålet er å oppfylle kommunen sine til ei kvar tid gjeldande næringspolitiske målsettingar slik desse er uttrykt i kommuneplan og økonomiplan.

## 2. Prioriterte tiltak og satsingar

Tilskot til bedriftsutvikling, kompetanseheving og innovasjon vert prioritert. Investeringar i infrastruktur som kjem fleire verksemder eller ei heil næring til gode skal prioriterast. I tillegg vil ein legge vekt på fylgjande moment:

- Sysselsettingseffekt generelt
- Verdiskaping
- Prosjekt som omfattar fleire verksemder/samarbeidsprosjekt
- Lokale behov
- Prosjekt som er med på å betre sysselsettingssituasjonen for ungdom, vert prioritert
- Tiltak som trygger eksisterande arbeidsplassar

## 3. Mynde og klagehandsaming

- a. Formannskapet gjer vedtak om bruk av midlar til næringstiltak etter retningslinene. Klage på vedtak i formannskapet skal handsamast andre gang i formannskapet.
- b. Næringsansvarleg kan handsame søknadar til mindre prosjekt på inntil kr. 15.000 administrativt i tillegg til etableringstilskot på kr. 25.000 fortløpande. Desse midla skal takast frå dei midla næringsansvarleg disponerer administrativt.
- c. Klage på administrative vedtak vert handsama av formannskapet som klageinstans. Klage på vedtak i formannskapet vert handsama av kommunestyret som klageinstans.

## 4. Søknadsfrist

- a. Søknader om tilskot vert handsama i formannskapet to gonger kvart år. Søknadsfrist er **15. mars** og **15. september**.
- b. Søknader som kan handsamast administrativt vert handsama fortløpande.
- c. Søknaden skal sendast inn via portalen [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Søknadar som kjem direkte vert sendt i retur.



## 5. Innhald i søknaden

- a. Valle kommunes forenkla forretningsplan skal fyllast ut og vedleggast søknaden
- b. Opplysningar om søkjar
  - Den ansvarlege prosjekteigarar namn og organisasjonsnummer
  - Kven som er kontaktperson og kontaktinformasjon
- c. Økonomi
  - Kva tilskotsbeløp det vert søkt om
  - Budsjett med finansieringsplan
  - For søkjarar som får frådrag for MVA, må alle beløp oppgivast eks. mva.
  - Om søkjar på søknadstidpunktet har motteke anna offentleg stønad inneverande år og dei to siste rekneskapsår jamfør reglane om offentleg stønad. Bagatellmessig stønad utgjør 200.000,- euro fordelt over tre samanhengande rekneskapsår.
- d. Skildring av tiltaket og forventa resultat
  - Tiltaket det vert søkt om tilskot til, med mål og målgruppe
  - Framdriftsplan
  - Organisering av tiltaket, medrekna eventuelle samarbeidspartnarar og kva roller dei skal ha.
- e. Eventuelt andre opplysningar som er relevante for søknaden.

## 6. Vilkår

- a. Tilskot til investeringar kan gjevast med inntil 10% eller maksimalt kr. 200.000,- pr. søknad.
- b. Tilskot til utviklingskostnader med inntil 30% eller maksimalt kr. 200.000,- pr. søknad.
- c. Søkjarar (verksemda) skal ha forretningsadresse i Valle kommune. Den delen av verksemda som naturleg kan skje i Valle kommune skal vere plassert her.
- d. Arbeidet kan settast i gong når søknaden er sendt. Påbyrja arbeid kan vurderast (relevans og tilknytning til prosjektet) medrekna 6 mnd tilbake i tid. Dette skjer på eige ansvar og får ikkje innverknad på handsaminga av søknaden.
- e. Samla stønad frå fondet til private næringsformål skal som hovudregel ikkje overstige 30% av prosjektet sitt kapitalbehov. I særskilde høve og



ved prosjekt av spesiell verdi for ungdomsarbeidsplasser kan det løyvast inntil 50% av kostnaden.

- f. Eigeninnsats skal ikkje reknast inn i grunnlaget for tilskot.
- g. Det kan ikkje gjevast støtte til;
  - o Ordinære driftskostnader
  - o Gjeldssanering eller lån
  - o Innkjøp av varelager og investeringar i lett omsettelege varer
  - o Transportmidlar, leasingbilar (firmabilar) og vedlikehald av desse
  - o Private planprosessar
  - o Forbruksmateriell, råvarer, rekvisittar/tilbehøyr eller tradisjonelt landbruksutstyr
  - o Oppussing og vedlikehald
  - o Fornyng av maskiner og utstyr som må skiftast ut som ein naturleg del av drifta
  - o Direkte eller indirekte investering i verksemdas eigenkapital

## **7. Stønadsformer**

- Etableringstilskot (sjå punkt 8)
- Utviklingskostnadar (sjå punkt 9)
- Investeringar

## **8. Etableringstilskot**

- a. Ved nyetableringar kan det gjevast eit etableringstilskot på inntil kr. 25.000.
- b. Tilskotet kan utgjere maks 50% av dei totale investeringane med etableringa.
- c. Det vert berre gjeve stønad til prosjekt som gjennom dokumentasjon kan sannsynleggjere at det vil etablere varige og lønnsame arbeidsplassar i Valle kommune. Primært bør det vere tal om minst ei 50 % stilling.
- d. Søkjar må dokumentere at verksemda er registrert i Brønnøysundregisteret.
- e. Søknad om etableringstilskot vert handsama administrativt og midlane går frå summen næringsansvarleg disponerer administrativt.
- f. Etableringstilskotet vert utbetalt når vedtaket er sendt.
- g. Endring av selskapsform vert ikkje rekna som etablering og skal ikkje vere grunnlag for tilskot.



## 9. Utviklingskostnader

- a. Med utviklingskostnader meinast bl.a. Opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøkingar og planlegging.
- b. kompetanseheving.
- c. Det vert ikkje gjeve stønad til kompetanseheving som blir gjort som fylgje av offentlege pålegg, eller for å overhalde obligatoriske nasjonale standardar. I tillegg må det kompetansehevande tiltaket tilføre ny relevant kompetanse for å vidareutvikle verksemda.
- d. Utviklingskostnad tilknytte lærlingar gis Kr. 600 mnd. etterskotsvis 1 gang i året og Kr. 3000 for avlagt sveinebrev.
- e. Fylgjande kostnader kan ikkje takast med i tilskotsgrunlaget:
  - o Kostnad for overnatting
  - o Transportutgifter
  - o Kompetanseheving som ein del av den daglege drifta
- f. Det kan søkjast å få dekt 50% av kostnadane til Miljøsertifisering av bedrift.

## 10. Samfinansiering

- Før det er søkt om lån eller tilskot frå Valle kommune skal alle andre sentrale eller regionale støtteordningar vere forsøkt/vurdert.
- Samla offentlig støtte til private næringstiltak skal i regelen ikkje overstige 50% av samla kapitalbehov. Ein viser elles til EØS-reglar som er teke inn i vedtektene for fondet.
- Samfinansieringa skal elles skje etter dei kostnadsrammer som til ei kvar tid gjeld mellom Innovasjon Norge, Setesdal Interkommunalt Politisk Råd og Valle kommune.
- Søknader skal handsamast i Valle kommune før dei eventuelt vert handsama i Setesdal Interkommunalt Politisk Råd.

## 11. Utbetaling

- Tilskot vert utbetalt etterskotsvis mot revisorbekrefta rekneskap – eventuelt rekneskapsførar, eller med kopi av bilag, i tillegg til alle nødvendige offentlege godkjenningar og løyvingar knytte til prosjektet.
- Om kostnaden vert lågare enn grunlaget for tilsegn, vert tilskotet redusert tilsvarende.



- Tilsegn om tilskot fell bort dersom det ikkje er gjort krav om utbetaling innan 2 år frå vedtaksdato. Fristen kan forlengast etter søknad.
- Dersom verksemd som har fått tilskot blir avvikla eller flyttar frå kommunen innan tre år frå tilskot er gjeve kan Valle kommune krevje tilbakebetalt tilskot med 30% for kvart år.